



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Sølsnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato  
25.03.2014  
Dykkar dato  
18.02.2014

Vår referanse  
2013/3602 - 561  
Dykkar referanse  
201103007-

Noregs vassdrags- og energidirektorat,

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## Fråsegn til søknad om planendring for Storelvi øvre kraftverk og Storelvi nedre kraftverk, Luster kommune

Vi viser til oversendinga datert 18.2.2014 og til høyringsfråsegna vår datert 21.10.2013.

Endringa går ut på at å legge vassvegen for begge kraftverka i tunnel, og at utforminga og plasseringa av det øvre inntaket og begge kraftstasjonane må justerast. Det er også vurdert eit alternativ med vassveg i tunnel direkte mellom det øvre inntaket og den nedre kraftstasjonen. Vidare er det lagt opp til at det nedre fallet får oppjustert minstevassføringa om sommaren (frå 1. juni) til  $5,4 \text{ m}^3/\text{s}$ , og det same vil gjelde begge fallstrekningane for alternativet med inntak i øvre fall og kraftstasjon i nedre fall.

I fråsegna opna vi for at Storelva øvre kraftverk kunne realiserast dersom det ikkje vert gjort inngrep i jettegrytene nedanfor inntaket og om elveøyra ovanfor inntaket kan ivaretakast. Vi rådde i frå at det vert gjeve konsesjon til Storelvi nedre kraftverk fordi inntaket, kraftverket og regulert elvestrekning vil råke landskapet og friluftsinteressene i stor grad.

Den planlagde røygata for Storelvi øvre kraftverk var utfordrande i eit vanskeleg terrenget med natur- og landskapsinteresser. Difor vil tunnelalternativet vere ei betre løysing. Det er vidare positivt at dammen og inntaket vert flyttet oppstraums og unna gjelet med jettegrytene. Damhøgda vert redusert frå fem til tre meter, men vi kan ikkje finne tilstrekkeleg detaljerte opplysningar i planen til å vurdere om grusøyra vil verte råka av inntaket eller oppdemminga. Det mellombelsje deponiet av  $8500 \text{ m}^3$  masser ser ut til å verte lite synleg i terrenget, og det er lagt opp til at arealet vil verte revegetert etter at massen er fjerna. Vi reknar med at NVE vil følgje dette opp i detaljplanen for miljø og landskap dersom det vert gjeve konsesjon.

Den endra planen for Storelva nedre kraftverk med vassveg i tunnell og auka minstevassføring er betre miljøtilpassa enn det opphavlege prosjektet. Likevel vurderer vi at utbygginga framleis vil råke landskapet og friluftsinteressene i stor grad ved at den markante fossen oppstraums brua ved innfallsparten til Snauedalen og Jostedalsbreen nasjonalpark vert utbygt. Vi opprettheld difor frårådinga vår til Storelvi nedre kraftverk.

Den same vurderinga gjeld alternativet med ei felles utbygging over heile strekninga sidan fossen ovanfor kraftstasjonen på same vis vert utbygt. Vi rår difor i frå også alternativet med vassveg i tunnel direkte mellom det øvre inntaket og den nedre kraftstasjonen.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Sølsnæs  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
[fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no)  
Internett:  
[www.fylkesmannen.no/sfj](http://www.fylkesmannen.no/sfj)

Kopi: Luster kommune